

Prop. 28 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2012 under Forsvarsdepartementet

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 16. november 2012,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Føremål og hovudoversikt

1.1 Føremål

I denne proposisjonen legg regjeringa fram forslag om endringar i løyvingar i forsvarsbudsjettet for 2012. Siktemålet er å skape best mogleg samsvær mellom løyvingane under dei enskilde kapitla og postane, og endringar i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan forsvarsbudsjettet for 2012 vart vedteke.

På grunn av den komplekse samansetjinga av kapitla, med svært variable storleikar, er omgrupperingsproposisjonen eit naudsynt verkty for å sikre god økonomistyring i forsvarssektoren. Tiltak for å møte endringar i føresetnadene som oppstår i gjennomføringsåret, vert såleis handsama samla og formalisert på rett måte. Regjeringa er oppteken av å halde omfanget av omgrupperingane på eit så lågt nivå som mogleg, samstundes som kravet om realistisk budsjettering vert ivare tatt.

Omgrupperingsproposisjonen for 2012 tek føre seg budsjettekniske endringar. I tillegg vert meirinntekter for 2012 føreslått formaliserte, samt at regjeringa føreslår ei tilleggsløyving. Totalt utgjer omgrupperinga ein auke i løyvinga til Forsvarsdepartementet på 230,923 mill. kroner. I tillegg

legg føreslår regjeringa å auke enkelte bestillingsfullmakter, samt å halde tilbake midlar på posten frå føremål omtala i Prop. 1 S (2011–2012) under kapittel 1760, post 45. Desse midlane vil verte omdisponerte til kampflyinvesteringar for etterfølgjande år.

1.2 Tilleggsløyvingar

I etterkant av den tragiske flyulykka med eit C-130J militært transportfly er Forsvaret påført ekstraordinære meirutgifter knytte til søk og kommisjonsarbeid. Registrerte meirutgifter er lønskostnader, materiellutgifter, forbruksmateriell, reise, transport og overnattingsutgifter for personell. Forsvarsbudsjettet for 2012 er difor føreslått auka med 18,938 mill. kroner for å dekkje dei ekstraordinære kostnadane.

1.3 Grunnlaget for omgrupperinga

1.3.1 Økonomisk grunnlag

Grunnlaget for omgrupperinga er vedteke budsjett for 2012, midlar førte over frå 2011 og dei seinare endringane gjort av Stortinget. Det er òg teke omsyn til forsvarssektoren sin del av lønskompensasjonen for 2012.

Tabell 1.1 Faktisk løyving på utgiftssida, før omgruppering 2012, kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Saldert budsjett 2012	40 526 060
Innst. 375 S (2011–2012) til Prop. 111 S (2011–2012) – <i>Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2012</i> (RNB)	1 398 144
Prop. 151 S (2011–2012) <i>Endringer i "Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap" ("soldatproposisjonen")</i>	22 163
Budsjettmessige verknader av lønsoppgjøret i det statlege tariffområdet i 2012	438 424
= Faktisk løyving før omgruppering	42 384 791
+ Midlar ført over frå 2011	2 045 705
= Disponible midlar i 2012 før omgrupperinga	44 430 496

Tabell 1.2 Disponibel løyving på inntektssida, før omgruppering 2012, kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Saldert budsjett 2012	4 874 769
Innst. 375 S (2011–2012) til Prop. 111 S (2011–2012) – <i>Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2012</i> (RNB)	541 640
= Løyvingar før omgruppering	5 416 409

1.3.2 Inntekter i 2012

I høve til saldert budsjett for 2012, med dei seinare endringane gjort av Stortinget, vert det ei meirinntekt på 230,768 mill. kroner der 226,338 mill. kroner vert føreslått lagt til utgiftssida. Det vert i denne samanhengen vist til Forsvarsdepartementet si meirinntektsfullmakt i Prop. 1 S (2011–2012) under romartalsvedtak II.

1.3.3 Løyvingsbehov

Tala i tabellane nedanfor syner løyvingsbehov knytt til omgrupperinga for 2012.

Tabell 1.3 Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1 000 kroner):

Auke på utgiftssida grunna meirinntekter førde til utgiftssida	226 338
Tilleggsloyving	18 938
Reduksjon på utgiftssida knytt til "Støttefond for oppbygging av den afghanske hæren" (<i>ANA Trust Fund</i>)	-6 640
Rammeoverføring til Justis- og beredskapsdepartementet	-7 713
= Sum behov ved omgrupperinga	230 923
+ Løyvingar før omgrupperinga	42 384 791
= Samla løyvingar etter omgrupperinga	42 615 714
+ Midlar ført over frå 2011	2 045 705
= Samla disponible midlar i 2012 etter omgrupperinga	44 661 419

Tabell 1.4 Løyvingsbehovet på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1000 kroner):

Løyvingar før omgrupperinga	5 416 409
Meirinntekter	230 768
= Løyvingar etter omgrupperinga	5 647 177

På bakgrunn av dette føreslår regjeringa under forslag til vedtak, at utgiftsramma vert auka med 230,923 mill. kroner, og at inntektsramma vert auka med 230,768 mill. kroner.

2 Forslag til utgifts- og inntektsendringer på kapitelnivå

Kap. 1700 Forsvarsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	330 821	358 184	363 184

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten vert føreslått auka med netto 5,000 mill. kroner.

Auken på posten gjeld omdisponering (8,000 mill. kroner) knytt til ein programfunksjon i Forsvarsdepartementet for å leie og koordinere arbeidet med den kommande kompetansereformen, jf. Stortingets behandling av Innst. 388 S (2011–

2012) til Prop. 73 S (2011–2012) ”Et forsvar for vår tid”.

Reduksjonen på posten gjeld ei teknisk omdisponering til kapittel 1761, post 01 Nye kampfly med baseløysing (3,000 mill. kroner). Dette gjeld Forsvarsdepartementet sine utgifter knytte til Nye kampfly med baseløysing. Denne posten er ny og vert føreslått oppretta for å synliggjøre driftsutgifter i 2012 knytte til kampflykjøpet med baseløysing.

Kap. 1710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	2 860 870	3 192 111	3 050 475
47	Nybygg og nyanlegg	1 715 950	1 847 950	1 533 950

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 141,636 mill. kroner grunna mindreinntekter som medfører ein parallell reduksjon av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt. Sjå òg omtale under kapittel 4710, post 01.

Reduksjonen på posten gjeld ein teknisk omdisponering til kapittel 1761, post 47 Nye kampfly med baseløysing (14,000 mill. kroner). Posten er ny og vert føreslått oppretta for å synliggjøre utgifter i 2012 knytte til kampflykjøp med baseløysing. Reduksjonen gjelder vidare omdisponering til kapittel 1760, post 45, knytt til nye kampfly, jf. omtale under kapittel 1760, post 45, på 300,000 mill. kroner.

Post 47 Nybygg og nyanlegg

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 314,000 mill. kroner.

Kap. 4710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	3 667 457	3 984 257	3 868 341

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med netto 115,916 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld i all hovudsak lågare inntekter knytte til energi, og skuldast m.a.

lågare energiprisar enn føresett på budsjetterings-tidspunktet (141,636 mill. kroner).

Auken på posten gjeld verknad av lønsoppgjoret i 2012 (25,720 mill. kroner).

Inntektene medfører ein parallell reduksjon av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1719 Fellesutgifter og tilskott til føretak under Forsvarsdepartementet

(i 1 000 kr)				
Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	232 746	226 100	217 313
43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet	18 000	13 300	0
78	Noregs tilskott til NATO sitt driftsbudsjett	240 000	164 000	159 000

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med netto 8,787 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld omdisponering for å dekkje ymse meirbehov på andre kapittel og postar (9,487 mill. kroner).

Auken på posten gjeld meirinntekter (0,700 mill. kroner). Inntektene medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kapittel 4719, post 01.

Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 13,300 mill. kroner for å dekkje ymse meirbehov på andre kapittel og postar.

Post 78 Noregs tilskott til NATO sitt driftsbudsjett

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 5,000 mill. kroner grunna mindrebehov på posten i 2012.

Kap. 4719 Fellesutgifter og tilskott til føretak under Forsvarsdepartementet

(i 1 000 kr)				
Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	0	0	700

Post 01 Driftsinntekter

Posten er ny og vert føreslått løyvd med 0,700 mill. kroner. Løyvinga gjeld i hovudsak sal av kjø-

rety. Inntektene medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1720 Felles leing og kommandoapparat

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	2 914 228	2 732 038	2 747 740

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten vert føreslått auka med netto 15,702 mill. kroner

Auken på posten gjeld m.a. meirinntekter (49,763 mill. kroner). Inntektene medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kapittel 4720, post 01. Løyvinga er òg føreslått auka med 8,469 mill. kroner for å dekkje ekstraordinære meirutgifter til søk og kommisjonsarbeid i samband med flyulykka med eit C-130J militært transportfly.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. budsjettekniske omdisponering av budsjettansvar for felles

etterretnings- og tryggingsavdeling (11,616 mill. kroner). Løyvinga er vidare føreslått redusert grunna teknisk justering av opphavleg fordeling av gevinstar frå effektivisering knytt til utrangering av eigedom, bygg og anlegg (EBA) (10,121 mill. kroner) samt justert effekt i 2012 av interneffektivisering i samsvar med langtidsplanen 2009–2012 (8,578 mill. kroner). Løyvinga er òg føreslått redusert med 10,800 mill. kroner grunna omdisponering til kapittel 1725, post 50, som følge av høgare utgifter knytte til førtidspensjon av sivile enn lagt til grunn i budsjetteringa. I tillegg er det føreslått andre tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gir ein netto reduksjon på 1,415 mill. kroner.

Kap. 4720 Felles leing og kommandoapparat

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	71 465	71 465	121 228

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 49,763 mill. kroner.

Auken på posten er knytt til refusjon av utgifter i samband med at allierte og samarbeidsnasjonar har vore på øving i Noreg (44,700 mill. kro-

ner). Auken gjeld vidare høgare inntekter enn varsla på budsjetteringstidspunktet knytte til verksemda ved Forsvarets høgskole (3,763 mill. kroner) og ved Cyberforsvaret (1,300 mill. kroner). Inntektene medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1723 Nasjonalt tryggingsorgan

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	129 617	136 035	141 235

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 5,200 mill. kroner.

Auken på posten gjeld meirinntekter. Inntektene medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kapittel 4723, post 01.

Kap. 4723 Nasjonalt tryggingsorgan

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	2 682	2 682	7 882

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 5,200 mill. kroner.

Auken på posten gjeld refusjon frå m.a. Forsvaret og Norsk Romsenter knytt til reise- og lønsutgifter (2,500 mill. kroner), innbetaling av kursav-

gifter (1,200 mill. kroner) samt større innbetalningar frå eksterne betalande medlemmer i NorCERT enn lagt til grunn i budsjetteringa (1,500 mill. kroner). Inntektene medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1725 Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	1 985 053	1 858 375	1 929 631
50	Overføring Statens pensjonskasse	19 393	15 847	26 647

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten vert føreslått auka med netto 71,256 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. teknisk justering av opphavleg fordeling av effektiviseringsgevinst knytt til utrangering av EBA (67,840 mill. kroner). Løyvinga er vidare føreslått auka grunna høgare kostnader knytte til personell som har gått av med redusert løn enn opphavleg lagt til grunn i budsjetteringa (11,610 mill. kroner). I tillegg vert det føreslått andre omdisponeringar som samla gir ein netto auke på 4,714 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. justert effekt i 2012 av interneffektivisering i samsvar med langtidsplanen 2009–2012 (1,956 mill. kro-

ner) samt teknisk omdisponering av midlar til fleire kapittel knytt til handlingsplan for veteranar (4,630 mill. kroner). Løyvinga er vidare føreslått redusert med 6,322 mill. kroner grunna mindreinntekter. Inntektene medfører ein parallell reduksjon av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kapittel 4725, post 01.

Post 50 Overføring Statens pensjonskasse

Løyvinga på posten vert føreslått auka med netto 10,800 mill. kroner som følge av høgare utgifter knytte til førtidspensjon av sivile enn tidligare lagt til grunn i budsjetteringa.

Kap. 4725 Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	52 383	52 383	46 061

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 6,322 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld lågare inntekter enn tidlegare lagt til grunn i budsjetteringa knytte

til sal av tryggleikstenester. Inntektene medfører ein parallell reduksjon av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1731 Hæren

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	5 540 610	5 843 689	5 840 455

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med netto 3,234 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. teknisk justering av opphavleg fordeling av effektiviserings-effekt knytt til utrangering av EBA (20,445 mill. kroner) samt justert effekt i 2012 av interneffektivisering i samsvar med langtidsplanen 2009–2012 (8,607 mill. kroner).

Auken på posten gjeld m.a. teknisk omdisponering til fleire kapittel av midlar knytt til budsjettansvar for vognførarutdanning (2,164 mill. kro-

ner) og opplæring av tenestehundar (0,961 mill. kroner). Løyvinga er òg føreslått auka med 5,843 mill. kroner for å dekkje ekstraordinære meirutgifter til søk og kommisjonsarbeid i samband med flyulykka med eit C-130J militært transportfly. Løyvinga er vidare føreslått auka med 15,000 mill. kroner grunna meirinntekter. Inntektene medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kapittel 4731, post 01. I tillegg vert det føreslått andre omdisponeringar som samla gir ein netto auke på 1,850 mill. kroner.

Kap. 4731 Hæren

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	49 651	60 500	75 500

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 15,000 mill. kroner.

Auken gjeld inntekter frå utleige av bustadar m.m., samt sal ved Hærens messer. Inntektene

har ei tilsvarende utgiftsside og medfører difor ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1732 Sjøforsvaret

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	3 417 958	3 501 835	3 512 407

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten vert føreslått auka med netto 10,572 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. høgare drivstoffkostnader enn lagt til grunn i budsjetteringa (8,000 mill. kroner), teknisk omdisponering av midlar frå fleire kapittel knytt til budsjettansvaret for diverse utdanning (2,530 mill. kroner) samt teknisk omdisponering frå kapittel 1725, post 01, knytt til handlingsplan for veteranar (1,900 mill. kroner). Løyvinga er òg føreslått auka med 1,263 mill. kroner for å dekkje ekstraordinære meirutgifter til søk og kommisjonsarbeid i samband med flyulykka med eit C-130J militært transportfly.

Løyvinga er vidare føreslått auka med 8,900 mill. kroner grunna meirinntekter. Inntektene medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kapittel 4732, post 01.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. teknisk justering av opphavleg fordeling av effektiviserings-effekt knytt til utrangering av EBA (8,141 mill. kroner) samt justering av effekt i 2012 av interneffektivisering i samsvar med langtidsplanen 2009–2012 (3,683 mill. kroner). I tillegg vert det føreslått andre omdisponeringar som samla gir ein netto reduksjon på 0,197 mill. kroner.

Kap. 4732 Sjøforsvaret

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	38 031	38 031	46 931

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 8,900 mill. kroner.

Auken gjelder refusjon frå NATO knytt til lønskostnader (5,000 mill. kroner), sal av tenester til Forsvarsbygg (renovasjon og førebyggjande

brannteneste 1,700 mill. kroner) samt avfallshandtering for besøkande farty ved Haakonssvern (2,200 mill. kroner). Inntektene har ei tilsvarende utgiftsside og medfører difor ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1733 Luftforsvaret

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	4 133 922	4 304 603	4 364 148

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten vert føreslått auka med netto 59,545 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. teknisk omdisponering frå kapittel 1790, post 01, knytt til operativ testing og evaluering av helikoptra NH90 (45,000 mill. kroner). I tillegg er løyvinga føreslått auka grunna justert effekt på kapitlet som følgje av omdanninga av Luftforsvarets hovudverkstad Kjeller (LHK) til statsforetak i 2011 (2,637 mill. kroner), jf. Innst. 60 S (2011–2012) til Prop. 3 S

(2011–2012) og Innst. 7 S (2011–2012) til Prop. 1 S Tillegg 1 (2011–2012). Løyvinga er òg føreslått auka med 3,054 mill. kroner for å dekkje ekstraordinære meirutgifter til søk og kommisjonsarbeid i samband med flyulykka med eit C-130J militært transportfly. Løyvinga er vidare føreslått auka med 15,000 mill. kroner grunna meirinntekter. Inntektene medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kapittel 4733, post 01.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. justert effekt i 2012 av interneffektivisering i samsvar med langtidsplanen 2009–2012 (2,914 mill. kro-

ner). I tillegg vert det føreslått andre omdisponeringar som samla gir ein netto reduksjon på 3,232 mill. kroner.

Kap. 4733 Luftforsvaret

		(i 1 000 kr)		
Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	165 030	205 830	220 830

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 15,000 mill. kroner.

Auken på posten gjeld inntekter i samsvar med samhandlingsavtale om drift av flyplassar med

AVINOR. Inntektene har ein tilsvarande utgifts-side og medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1734 Heimevernet

		(i 1 000 kr)		
Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	1 109 252	1 114 710	1 119 839

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 5,129 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. teknisk omdisponering av garnisonstenester og vakt- og sikrings-

oppdrag utført for Forsvaret sitt operative hovudkvarter (3,600 mill. kroner) samt teknisk omdisponering frå fleire kapittel av midlar knytt til utdanning (1,405 mill. kroner). I tillegg vert det føreslått andre omdisponeringar som samla gir ein netto auke på 0,124 mill. kroner.

Kap. 1735 Etterretningstenesta

		(i 1 000 kr)		
Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
21	Spesielle driftsutgifter	998 104	1 021 459	1 019 677

Post 21 Spesielle driftsinntekter

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 1,782 mill. kroner som er knytt til budsjettekniske omdisponeringar.

Kap. 1740 Forsvarets logistikkorganisasjon

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	2 317 090	2 425 399	2 659 518

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten vert føreslått auka med netto 234,119 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. justering av effekt i 2012 av interneffektivisering i samsvar med langtidsplanen 2009–2012 (32,865 mill. kroner), justert effekt på kapitlet som følgje av omdanninga av LHK til statsforetak i 2011 (24,900 mill. kroner), jf. Innst. 60 S (2011–2012) til Prop. 3 S (2011–2012) og Innst. 7 S (2011–2012) til Prop. 1 S Tillegg 1 (2011–2012), samt høgare kostnader enn lagt til grunn i budsjetteringa knytte til EBA (31,739 mill. kroner). Løyvinga er òg føreslått auka med 0,309

mill. kroner for å dekkje ekstraordinære meirutgifter til søk og kommisjonsarbeid i samband med flyulykka med eit C-130J militært transportfly. Løyvinga er vidare føreslått auka med 154,154 mill. kroner grunna meirinntekter. Inntektene medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kapittel 4740, post 01. I tillegg vert det føreslått andre omdisponeringar som samla gir ein netto auke på 1,056 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. justert fordeling av opphavleg effektiviseringseffekt knytt til utrangering av EBA (10,904 mill. kroner).

Kap. 4740 Forsvarets logistikkorganisasjon

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	90 277	127 277	331 431

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 204,154 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. sal av drivstoff til allierte og samarbeidsnasjonar på øving i Noreg (66,000 mill. kroner), tilbakebetaling av utlegg for kostnader knytte til tenester utført for SAAB Bofors (15,000 mill. kroner), sal av *Norwegian Advanced Surface to Air Missile System* (NASAMS) rakettar til Kongsberg Defence &

Aerospace (34,000 mill. kroner), sal av seks mis-siltorpedobåtskrog til CAS Global (22,176 mill. kroner), sal av TOW-missilar til *US Marine Corps* (60,000 mill. kroner) samt sal av ammunisjon til politiet og *NATO Support Agency* (NSPA) (2,000 mill. kroner). I tillegg er det føreslått andre mindre justeringar som samla gir ein auke på 4,978 mill. kroner. Inntektene medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1760 Nyskaffingar av materiell og nybygg og nyanlegg

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	922 061	979 255	923 883
44	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, nasjonalfinansiert del	40 137	40 137	31 037
45	Større utstyrsskaffingar og vedlikehald	8 092 324	8 152 342	8 558 698
48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del	81 000	81 000	66 000
75	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, Noregs tilskott til NATO sitt investeringsprogram for tryggleik	95 000	95 000	68 745

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 55,372 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. teknisk omdisponering til kapittel 1761, post 01 Nye kampfly med baseløysing (45,000 mill. kroner). Denne posten er ny og vert føreslått oppretta for å synleggjere driftsutgifter i 2012 knytte til kampflykjøp med baseløysing. Løyvinga er vidare føreslått redusert knytt til justering av effekt i 2012 av interneffektivisering i samsvar med langtidsplanen 2009–2012 (2,956 mill. kroner) samt omdisponering til høgare prioritert verksemd på forsvarsbudsjettet (7,994 mill. kroner). I tillegg vert det føreslått andre omdisponeringar som samla gir ein netto reduksjon på 1,444 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. meirinntekter (2,022 mill. kroner). Inntektene medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kapittel 4760, post 01.

Post 44 Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, nasjonalfinansiert del

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 9,100 mill. kroner grunna lågare framdrift på NATO-prosjekta *Air Command and Control System* (ACCS), *Broadcast and Ship to Shore Communication* (BRASS) og *Joint Warfare Centre* (JWC).

Midlane vert føreslått omdisponerte til kapittel 1760, post 45.

Post 45 Større utstyrsskaffingar og vedlikehald

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 406,356 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. meirinntekter (59,772 mill. kroner). Inntektene medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kapittel 4740 og 4760. Løyvingane på posten er vidare føreslått auka med 35,355 mill. kroner grunna omdisponering frå kapittel 1760, postane 44 og 75. Løyvingane er òg føreslått auka knytt til omdisponering frå kapittel 1710, post 47 (300,000 mill. kroner). I tillegg vert det føreslått andre omdisponeringar som samla gir ein auke på 11,229 mill. kroner.

Kjøp av kampfly med baseløysing inneber ei særskilt utfordring knytt til å fordele dei samla utbetalingane slik at dei er tilpassa forsvarsramma for det enkelte budsjettår. Ein syner til nærmare omtale i Prop. 73 S (2011–2012) "Et forsvar for vår tid", kapittel 6.2.2. Det er naudsynt med tilpassingar i resten av investeringsporteføljen. For å auke fleksibiliteten i disponeringa av dei samla investeringsløyvingane til Forsvaret i 2012, er det som eit eingongstiltak behov for å halde tilbake midlar på posten frå føremål under kapittel 1760, post 45, slik dei vert omtala i Prop. 1 S (2011–2012) frå Forsvarsdepartementet, eit tiltak som Stortinget

slutta seg til gjennom behandlinga av Innst. 375 S (2011–2012) til Prop. 111 S (2011–2012) – *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2012*. Desse midlane vil verte omdisponerte til

kampflyinvesteringar for etterfølgjande år. Følgjande disponeringsendringar vert føreslåtte inn- anfor kapittel 1760, post 45:

Tabell 2.1 Formålstabell (ref. Prop. 1 S (2011–2012) side 81)

Område	Planlagt utbetalt i 2012 i samsvar med Prop. 1 S (2011–2012)	Ny prognose for utbetaling i 2012	(i mill. kr)
			Netto endring som vert om disponert til kampfly
Landsystem	1 513	1 122	-391
Sjøsystem	2 370	2 056	-314
Luftsystem	1 332	994	-338
Nettverksbasert forsvar (NBF)	1 240	468	-772
Logistikksystem	865	561	-304
Spesialoperasjonar og soldatsystem	674	669	-5
LOS-programmet i Forsvaret	193	207	+14
Kampflyprogrammet	-108	0	0
Avsetting til kampflyanskaffinga	0	0	+2 110
Totalt	8 079	6 077	0

I tillegg til summen som er sett i formålstabellen for 2012, som tilsvarende tildelinga for i år, er det overført 1 380,000 mill. kroner frå 2011. Desse pengane er nytta i 2012, men har medført større mindreforbruk på den ordinære tildelinga. Det vert difor føreslått å disponere 669,000 mill. kroner meir til avsetjing til kampflyutbetaling i framtida. Beløpet kan stort sett verte tilskrive mindreforbruket som følgje av forseinka levering av NH90-helikopter. Vidare føreslår regjeringa å tilføre posten 406,356 mill. kroner i denne proposisjonen som skal avsettast til det same føremålet. Regjeringa føreslår dermed å halde tilbake totalt 3,185 mrd. kroner i 2012 til kampflyinvesteringar for etterfølgjande år. Dette kan ein gjere grunna leverandørforseinkingar, utsette betalingar, eller lågare betalingar enn tidlegare lagte til grunn.

Post 48 Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 15,000 mill. kroner grunna mindreinntekt. Inntek-

tene medfører ein parallell reduksjon av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kapittel 4760, post 48.

Post 75 Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, Noregs tilskott til NATO sitt investeringsprogram for tryggleik

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 26,255 mill. kroner.

Utbetalingane på posten er avhengig av den totale produksjonen i alle 28 medlemslanda i NATO, og kan i svært liten grad påverkast av Noreg. Prognosen er basert på låge innbetalingskrav frå NATO i første, andre og tredje kvartal 2012. I tillegg er det forventta ytterlegare kutt i ramma for NATO sitt investeringsprogram for tryggleik i 2012. Midlane vert føreslått omdisponert til kapittel 1760, post 45.

Kap. 4760 Nyskaffingar av materiell og nybygg og nyanlegg

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	0	0	2 022
45	Store nyskaffingar	0	60 900	70 672
48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsinntekter	81 000	81 000	66 000

Post 01 Driftsinntekter

Posten er ny og vert føreslått løyvd med 2,022 mill. kroner.

Løyvinga gjeld tilbakebetaling av utlegg i samband med helikopterprosjektet. Inntektene medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

Post 45 Store nyskaffingar

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 9,772 mill. kroner.

Auken gjeld meirinntekter knytte til royalty og konvensjonalbøter (1,698 mill. kroner) og sal som

følgje av oppgradering av *Sting Ray mod 0* torpedo (8,074 mill. kroner). Inntektene medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

Post 48 Fellesfinansierte byggje- og anleggsinntekter

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 15,000 mill. kroner grunna lågare innbetalingar frå NATO enn lagt til grunn i budsjetteringa. Inntektene medfører ein parallell reduksjon av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1761 Nye kampfly med baseløysing

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	0	0	48 000
47	Nybygg og nyanlegg	0	0	14 000

Post 01 Driftsutgifter

Posten er ny og vert føreslått oppretta for å synleggjere driftsutgifter knytte til kampflykjøp med baseløysing. Det vert føreslått ei løyving på 48,000 mill. kroner i 2012. Midlane vert omdisponerte frå kapittel 1760, post 01 (45,000 mill. kroner) og frå kapittel 1700, post 01 (3,000 mill. kroner).

Post 47 Nybygg og nyanlegg

Posten er ny og vert føreslått oppretta for å synleggjere EBA-utgifter knytte til kampflykjøp med baseløysing. Det vert føreslått ei løyving på 14,000 mill. kroner i 2012. Midlane vert omdisponerte frå kapittel 1710, post 47.

Kap. 1790 Kystvakta

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	993 385	1 011 128	959 009

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med netto 52,119 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. teknisk omdisponering av midlar til kapittel 1733, post 01,

knytt til operativ testing og evaluering av helikoptra NH90 (45,000 mill. kroner). Løyvingane er vidare føreslått reduserte grunna mindrebehov på posten i 2012 (6,252 mill. kroner). I tillegg vert det føreslått andre omdisponeringar som samla gir ein netto reduksjon på 0,867 mill. kroner.

Kap. 1791 Redningshelikoptertenesta

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	524 137	589 368	585 271

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med netto 4,097 kroner.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. lågare kostnader enn lagt til grunn i budsjetteringa i samband med Forsvaret sitt bidrag til Justis- og beredskapsdepartementet sitt redningshelikopterprosjekt (NAWSAHR) (7,000 mill. kroner). I tillegg

vert det føreslått andre omdisponeringar som samla gir ein netto reduksjon på 0,162 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. meirinntekter (3,065 mill. kroner). Inntektene medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kapittel 4791, post 01.

Kap. 4791 Redningshelikoptertenesta

(i 1 000 kr)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	480 071	523 511	531 006

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten vert føreslått auka med netto 7,495 mill. kroner.

Auken på posten gjeld verknad av lønsoppgjret i 2012 for Justis- og beredskapsdepartementet sin del av Redningshelikoptertenesta (4,430 mill. kroner). Vidare er løyvinga føreslått auka grunna høgare forventade innbetalningar frå Justis- og beredskapsdepartementet grunna justert effekt på ved-

likehaldskostnader for Redningshelikoptertenesta som følgje av omdanninga av LHK til statsforetak i 2011 (7,713 mill. kroner), jf. Innst. 60 S (2011–2012) til Prop. 3 S (2011–2012) og Innst. 7 S (2011–2012) til Prop. 1 S Tillegg 1 (2011–2012).

Reduksjonen på posten gjeld m.a. lågare enn venta innbetalningar frå Justis- og beredskapsdepartementet knytt til drift av Redningshelikoptertenesta (4,648 mill. kroner).

Kap. 1792 Norske styrkar i utlandet

		(i 1 000 kr)		
Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	1 234 320	1 211 058	1 199 622

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 11,436 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. lågare dolarkurs på utbetalingstidspunktet enn lagt til grunn i budsjetteringa knytt til allereie føretatte utbetalningar i 2012 til "Støttefond for oppbygging av den afghanske hæren" (6,640 mill. kroner). Løyvinga er vidare føreslått redusert grunna justering av effekt i 2012 av interneffektivisering i samsvar med langtidsplanen 2009–2012 (1,403 mill. kroner) samt omdisponering til høgare prioritert

verksemd på forsvarsbudsjettet grunna lågare utgifter til operasjonar i utlandet enn lagt til grunn i budsjetteringa (54,394 mill. kroner). I tillegg vert det føreslått andre omdisponeringar som samla gir ein netto reduksjon på 3,113 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. meirinntekter (50,000 mill. kroner). Inntektene medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt og omtale under kapittel 4792, post 01. Løyvingane er vidare føreslått auka grunna teknisk omdisponering av lønsmidlar knytte til personell i internasjonal teneste (4,114 mill. kroner).

Kap. 4792 Norske styrkar i utlandet

		(i 1 000 kr)		
Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	10 368	30 368	80 368

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 50,000 mill. kroner.

Auken på posten gjeld refusjonar som følgje av forvaltingsavtalar som regulerer kostnadsdeling

mellom andre samarbeidsnasjonar og FN. Inntektene medfører ein parallell auke av Forsvaret si utgiftsramme, jf. Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt.

Kap. 1795 Kulturelle og allmennyttige føremål

		(i 1 000 kr)		
Post	Kategori	Saldert budsjett 2012	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	246 271	264 494	270 956
60	Tilskott til kommunar	1 696	1 696	1 596

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten vert føreslått auka med 6,462 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. høgare kostnader enn lagt til grunn i budsjetteringa knytte til EBA

(1,252 mill. kroner) og Forsvarsmuseet (5,000 mill. kroner). I tillegg vert det føreslått det andre omdisponeringar som samla gir ein netto auke på 0,210 mill. kroner.

Post 60 Tilskott til kommunar

Løyvinga på posten vert føreslått redusert med 0,100 mill. kroner og er omdisponert til prioritert verksemd på forsvarsbudsjettet.

3 Bestillingsfullmakter

Regjeringa foreslår ein auke av bestillingsfullmakter i 2012:

Bestillingsfullmakter under *kapittel 1720 Felles leing og kommandoapparat, post 01 driftsutgifter*, vert føreslått auka med 420,000 mill. kroner, frå 30,000 til 450,000 mill. kroner. Bestillingsfullmakta gjeld langtidskontraktar knytte til Forsvarets informasjonsinfrastruktur og Forsvarets sanitet.

Bestillingsfullmakter under *kapittel 1731 Hæren, post 01 driftsutgifter*, vert føreslått reduserte med 200,000 mill. kroner, frå 600,000 til 400,000 mill. kroner grunna mindrebehov i 2012.

Bestillingsfullmakter under *kapittel 1732 Sjøforsvaret, post 01 driftsutgifter*, vert føreslått auka med 860,000 mill. kroner, frå 100,000 mill. kroner til 960,000 mill. kroner. Bestillingsfullmakta gjeld langtidskontraktar knytte til drift av Sjøforsvaret og gjeld m.a. teknisk støtte og vedlikehaldsavgiftar knytte til materiell.

Bestillingsfullmakter under *kapittel 1733 Luftforsvaret, post 01 driftsutgifter*, vert føreslått auka med 450,000 mill. kroner, frå 600,000 mill. kroner til 1 050,000 mill. kroner. Bestillingsfullmakta gjeld langtidskontraktar knytte til drift av Luftforsvaret og gjeld m.a. teknisk støtte og vedlikehaldsavgiftar knytte til materiell, samt trening og opplæring.

Bestillingsfullmakter under *kapittel 1760 Nyskaffingar av materiell og nybygg og nyanlegg, post 45 Større utstyrsskaffingar og vedlikehald*, vert føreslått reduserte med 3 500,000 mill. kroner, frå 18 500,000 mill. kroner til 15 000,000 mill. kroner grunna mindrebehov i 2012, då kampflyutgifter vert overførde til eige kapittel.

Det vert føreslått bestillingsfullmakter under *kapittel 1761 Nye kampfly med baseløysing, post 45 Større utstyrsskaffingar og vedlikehald* på 3 500,000 mill. kroner. Bestillingsfullmaktene gjeld to fly med tilhøyrande utstyr i tillegg til restutbetalingar på JSM 2 og APEX fase 1.

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2012 under Forsvarsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget vert bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2012 under Forsvarsdepartementet i samsvar med eit framlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2012 under Forsvarsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2012 vert det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap	Post	Føremål	Kroner
1700		Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 358 184 000 til kr. 363 184 000	5 000 000
1710		Forsvarsbygg og nye bygg og anlegg	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr. 3 192 111 000 til kr. 3 050 475 000	141 636 000
	47	Nye bygg og anlegg, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr. 1 847 950 000 til kr. 1 533 950 000	314 000 000
1719		Fellesutgifter og tilskott til føretak under Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr. 226 100 000 til kr. 217 313 000	8 787 000
	43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr. 13 300 000 til kr. 0	13 300 000
	78	Noregs tilskott til NATO sitt driftsbudsjett, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr. 164 000 000 til kr. 159 000 000	5 000 000
1720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 2 732 038 000 til kr. 2 747 740 000	15 702 000
1723		Nasjonalt tryggingsorgan	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 136 035 000 til kr. 141 235 000	5 200 000
1725		Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 1 858 375 000 til kr. 1 929 631 000	71 256 000

Kap	Post	Føremål	Kroner
	50	Overføring til Statens Pensjonskasse, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr. 15 847 000 til kr. 26 647 000	10 800 000
1731		Hæren	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med. frå kr. 5 843 689 000 til kr. 5 840 455 000	3 234 000
1732		Sjøforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med. frå kr. 3 501 835 000 til kr. 3 512 407 000	10 572 000
1733		Luftforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med. frå kr. 4 304 603 000 til kr. 4 364 148 000	59 545 000
1734		Heimevernet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med. frå kr. 1 114 710 000 til kr. 1 119 839 000	5 129 000
1735		Etterretningstenesta	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert redusert med. frå kr. 1 021 459 000 til kr. 1 019 677 000	1 782 000
1740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	01	Driftsutgifter, vert auka med. frå kr. 2 425 399 000 til kr. 2 659 518 000	234 119 000
1760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1760, post 45</i> , vert redusert med frå kr. 979 255 000 til kr. 923 883 000	55 372 000
	44	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, nasjonalfinansierte del, <i>kan overførast</i> , vert redusert med. frå kr. 40 137 000 til kr. 31 037 000	9 100 000
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under kap. 1761, post 45</i> , vert auka med. frå kr. 8 152 342 000 til kr. 8 558 698 000	406 356 000
	48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansierte del, <i>kan overførast</i> , vert redusert med. frå kr. 81 000 000 til kr. 66 000 000	15 000 000
	75	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, Noregs tilskott til NATO sitt investeringsprogram for tryggleik, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under kap. 1760, post 44</i> , vert redusert med. frå kr. 95 000 000 til kr. 68 745 000	26 255 000

Kap	Post	Føremål	Kroner
1761		Nye kampfly med baseløysing	
(ny)	01	Driftsutgifter, løyvast med.	48 000 000
(ny)	47	Nybygg og nyanlegg, <i>kan overførast</i> , løyvast med.	14 000 000
1790		Kystvakta	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr. 1 011 128 000 til kr. 959 009 000	52 119 000
1791		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr. 589 368 000 til kr. 585 271 000	4 097 000
1792		Norske styrkar i utlandet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr. 1 211 058 000 til kr. 1 199 622 000	11 436 000
1795		Kulturelle og allmennyttige føremål	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 264 494 000 til kr. 270 956 000	6 462 000
	60	Tilskott til kommunar, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr. 1 696 000 til kr. 1 596 000	100 000

Inntekter:

Kap	Post	Føremål	Kroner
4710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	01	Driftsinntekter, vert redusert med. frå kr. 3 984 257 000 til kr. 3 868 341 000	115 916 000
4719		Fellesutgifter og tilskott til føretak under Forsvarsdepartementet	
(ny)	01	Driftsinntekter, løyvast med.	700 000
4720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	01	Driftsinntekter, vert auka med frå kr. 71 465 000 til kr. 121 228 000	49 763 000
4723		Nasjonalt tryggingsorgan	
	01	Driftsinntekter, vert auka med frå kr. 2 682 000 til kr. 7 882 000	5 200 000
4725		Fellesinstitusjonar og -inntekter under Forsvarsstaben	
	01	Driftsinntekter, vert redusert med. frå kr. 52 383 000 til kr. 46 061 000	6 322 000

Kap	Post	Føremål	Kroner
4731		Hæren	
	01	Driftsinntekter, vert auka med frå kr. 60 500 000 til kr. 75 500 000	15 000 000
4732		Sjøforsvaret	
	01	Driftsinntekter, vert auka med frå kr. 38 031 000 til kr. 46 931 000	8 900 000
4733		Luftforsvaret	
	01	Driftsinntekter, vert auka med frå kr. 205 830 000 til kr. 220 830 000	15 000 000
4740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	01	Driftsinntekter, vert auka med frå kr. 127 277 000 til kr. 331 431 000	204 154 000
4760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
(ny)	01	Driftsinntekter, løyvast med	2 022 000
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, vert auka med frå kr. 60 900 000 til kr. 70 672 000	9 772 000
	48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del, vert redusert med. frå kr. 81 000 000 til kr. 66 000 000	15 000 000
4791		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsinntekter, vert auka med frå kr. 523 511 000 til kr. 531 006 000	7 495 000
4792		Norske styrkar i utlandet	
	01	Driftsinntekter, vert auka med frå kr. 30 368 000 til kr. 80 368 000	50 000 000

II

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet i 2012 kan gjere bestillingar ut over dei gjevne løyvingane. Den samla ramma for nye bestillingar og gammalt ansvar skal ikkje overstige følgjande beløp:

Kap.	Post		Samla ramme
1720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 30 000 000 til kr. 450 000 000	420 000 000
1731		Hæren	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr. 600 000 000 til kr. 400 000 000	200 000 000
1732		Sjøforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 100 000 000 til kr. 960 000 000	860 000 000
1733		Luftforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr. 600 000 000 til kr. 1 050 000 000	450 000 000
1760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	45	Store nyskaffingar, vert redusert med frå kr. 18 500 000 000 til kr. 15 000 000 000	3 500 000 000
1761		Nye kampfly med baseløysing	
	45	Store nyskaffingar, løyvast med	3 500 000 000
